

Arkivnr: 2015/869-6
Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

Rapport evaluering av museumsreforma i Hordaland**Samandrag**

Denne saka gjeld korleis ein skal følgje opp rapporten *Evaluering av museumsreforma i Hordaland*. Museumsstrukturen i Hordaland i dag med 10 konsoliderte museum, er eit resultat av den nasjonale museumsreforma på 2000-talet. Større museumseiningar skulle mellom anna føre til meir profesjonelle museum. Agderforskning har på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune gjennomført evaluering av reforma i fylket. Har ein nådd måla? Er det utfordringar i kjølvatnet av prosessen? Dette er nokre av dei spørsmåla som forskingsinstitusjonen har undersøkt, og som vert presentert i rapporten som er vedlegg i saka.

Ei evaluering har lenge vore eit prioritert tiltak i den regionale museumspolitikken. Til ei slik undersøking er det løyvd 400 000 kr frå museumsplanmidlane (sjå PS 20/2015). KIRU vedtok i PS 180/2015 at følgjande 7 tema skulle ha særleg fokus:

1. Hovudmålsetingane i museumsreforma (økonomi, besøk, stordriftsfordelar, profesjonalisering)
2. Organisering, særleg tilhøve mellom eigarstyre og driftsstyre
3. Konsekvensane av museumsreforma for kommunale og private samlingar
4. Korleis frivilligheita har utvikla seg etter konsolideringa
5. Evaluering av Hordaland fylkeskommune sin tusenårsstad Kabuso
6. Organisering av fellestenestene for Hordaland, Bevaringstenestene som del av ei konsolidert eining – Museumssenteret i Hordaland
7. Musea sitt arbeid med den immaterielle kulturarven.

Det var viktig å få med dei relevante aktørane perspektiv: eigarar (kommunar, eigarstiftingar og andre), frivillige, leiing og tilsette ved musea, politikktutformarar, brukarar. Agderforskning har gjennomført ei evaluering med utgangspunkt i eit leiarskapsperspektiv. Det inneber at i val av metode med spørjeundersøking via web og personlege intervju er det primært leiar av den konsoliderte eininga, tilsette med leiarfunksjon, leiar av driftsstyret, leiar av eigarstyret, relevante kontaktpersonar i kommunane (leiar av kultureining) og kontaktperson for private samlingar, som har svart på undersøkinga. Brukarinteressene er knytt til musea sin bruk av fellestenestene Bevaringstenestene. Det er ikkje gjennomført noko publikumsundersøking som del av evalueringa. For temaområdet Kabuso har ein gjort eit utval som faller inn under fleire av dei kategoriane som er nemnd som relevante aktørar. Omgrepet frivillige omfattar frivilligheit i musea. I tillegg vil dei private og kommunale samlingane representere frivilligheit. Undersøkinga knytt til private og kommunale samlingar har vore omfattande. Agderforskning har sendt ut spørjeskjema til 100 private og kommunale samlingar. Det har tatt tid å få inn nok informasjon til å kunne sei noko om korleis dei opplev tilhøve til dei konsoliderte musea og kva for tenester ein har behov for.

Basert på kvantitativ og kvalitativ tilnærming vurderer Agderforskning om måla for museumsreforma er oppfylte og aktuelle tiltak for vidare arbeid.

Slik fylkesrådmannen ser det, viser rapporten *Evaluering at museumsreforma i Hordaland* at reformprosessen har vore vellukka. Det er gledeleg å registre at den regionale satsinga på fellestenester kjem godt ut. Rapporten gir mykje informasjon. Den gir eit godt grunnlag for ei vidare styrking av musea i Hordaland.

I rapporten vert det peikt på fleire område som bør sjåast nærare på. Fylkesrådmannen merker seg utfordringar knytt til organisering (eigarstyre vis-a-vis driftsstyre), økonomi som utfordring for meir profesjonalisering og spissing av oppgåver. Forsking er eit område der musea bør vurdere særlege tiltak. Fylkesrådmannen vil elles trekke fram at fleire av dei private og kommunale samlingane manglar oversikt/kunnskap om kven som er sitt ansvarsmuseum. Her bør ein vurdere tiltak. Evalueringa gir også grunnlag for diskusjonar om ytterlegare konsolideringar når ein samanliknar utviklinga mellom institusjonar dei siste ti åra.

Det er viktig at ein i den vidare prosessen i haust legg opp til ein brei prosess mellom administrasjon og musea. I tillegg ser Fylkesrådmannen at det må skje interne prosessar. Samla vil dette kunne gi grunnlag for justeringar og endringar i den regionale museumspolitikken, med mål om meir styrking av museumsfeltet. Representantar frå kommunane bør bli ein del av den vidare prosessen.

Forslag til innstilling

Eit føremål med ei slik evaluering er at den kan gi grunnlag for justeringar og endringar i den regionale museumspolitikken. I tillegg vil ho vere eit viktig reiskap for dei ti konsoliderte musea i høve egne prioriteringar og strategiar.

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreforma i Hordaland* til vitande.
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellestenester kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikktutforming og satsing i åra 2019-2025. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.08.2017

Denne saka gjeld forslag til korleis ein skal følgje opp rapporten *Evaluering av museumsreforma i Hordaland*. Hordaland er eit stort museumsfylke med 10 konsoliderte museumseiningar: Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE – Kunstmuseene i Bergen, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland, Olav H. Hauge-senteret, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Sunnhordland museum. Desse musea har til saman om lag 800 000 besøkjande kvart år, ei auke på 40 prosent frå 2005.

Olav H. Hauge-senteret er i mindre grad del av undersøkinga. Dette har samanheng med at senteret vart etablert etter reformprosessen på 2000-talet, i tillegg til at senteret er ei avdeling under Norsk Kultursentrum. Primært har undersøkinga vore retta mot den overordna administrative eininga, ikkje avdelingar.

På 2000-talet vart det gjennomført ei nasjonal museumsreform med mål om å etablere meir robuste og profesjonaliserte museum. Dette kunne skje gjennom samanslåing av tidlegare sjølvstendige museum - ei konsolidering. På nasjonalt nivå har ein ikkje gjennomført ei samla evaluering av museumsreforma. Slike evalueringar har til no hatt eit regionalt utgangspunkt. Agderforskning har på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune gjennomført evaluering av museumsreforma i vårt fylke. Har ein nådd måla? Er det utfordringar i kjølvatnet av prosessen? Dette er nokre av dei spørsmåla som forskingsinstitusjonen har undersøkt.

Dei sju temaområda

Til arbeidet med evaluering er det løyvd 400 000 kr frå museumsplanmidlane (sjå PS 20/2015). KIRU vedtok i sak 180/2015 at følgjande 7 tema som skal ha særleg fokus:

1. Hovudmålsetingane i museumsreforma (økonomi, besøk, stordriftsfordelar, profesjonalisering)
2. Organisering, særleg tilhøve mellom eigarstyre og driftsstyre
3. Konsekvensane av museumsreforma for kommunale og private samlingar
4. Korleis frivilligheita har utvikla seg etter konsolideringa
5. Evaluering av Hordaland fylkeskommune sin tusenårsstad Kabuso
6. Organisering av fellestenestene for Hordaland, Bevaringstenestene som del av ei konsolidert eining – Museumssenteret i Hordaland
7. Musea sitt arbeid med den immaterielle kulturarven.

Det var viktig å få med dei relevante aktørane perspektiv: eigarar (kommunar, eigarstiftingar og andre), frivillige, leing og tilsette ved musea, politikktutformarar, brukarar. Agderforskning har gjennomført ei evaluering med utgangspunkt i eit leiarskapsperspektiv. Det inneber at i val av metode med spørjeundersøking via web og personlege intervju er det primært leiar av den konsoliderte eininga, tilsette med leiarfunksjon, leiar av driftsstyret, leiar av eigarstyret, relevante kontaktpersonar i kommunane (leiar av kultureining) og kontaktperson for private samlingar, som har svart på undersøkinga. Brukarinteressene er knytt til musea sin bruk av Bevaringstenestene. Det er ikkje gjennomført noko publikumsundersøking som del av evalueringa. For temaområdet Kabuso har ein gjort eit utval som faller inn under fleire av dei kategoriane som er nemnd som relevante aktørar. Omgrepet frivillige omfattar frivilligheit i musea. I tillegg vil dei private og kommunale samlingane representere frivilligheit. Undersøkinga knytt til private og kommunale samlingar har vore omfattande. Agderforskning har sendt ut spørjeskjema til 100 private og kommunale samlingar. Det har tatt tid å få inn nok informasjon til å kunne sei noko om korleis dei opplev tilhøve til dei konsoliderte musea og kva for tenester ein har behov for.

Basert på kvantitativ og kvalitativ tilnærming gir Agderforskning ei vurdering av om måla for museumsreforma er oppfylte og aktuelle tiltak for vidare arbeid. Det er mykje data som ligg til grunn for dei vurderingane som er gjort.

Kva har ein oppnådd med ei slik evaluering?

Slik fylkesrådmannen ser det, har ein oppnådd fleire ting. For det første vert utviklinga i Hordaland synleggjort med tal frå 2005 til 2016 innan til dømes besøk og finansiering. Nokre av desse er plassert i ein nasjonal samanheng. Dette vil vere viktig for den einskilde institusjonen sitt arbeid opp mot statleg og kommunal forvaltning. For det andre peiker rapporten på tema som er særleg utfordrande. I tillegg til økonomi gjeld dette særleg organisering. Agderforskning kjem med konkrete forslag til korleis ein kan arbeide vidare for å nå måla og utnytte ressursane på ein betre måte. Undersøkinga gir ikkje eksplisitte råd om ytterlegare konsolideringar, men ei samanlikning av institusjonane med utgangspunkt i sentrale indikatorar, vil setje i gong slike diskusjonar. Undersøkinga har gitt oversikt over organisasjonane sine driftsstyrer og eigarstyrer. Ein har også fått god oversikt over private og kommunale samlingar. Dette vil vere til god hjelp i utforming av frivilligheitspolitikk og diskusjonar rundt rolla til dei regionale ansvarsmusea.

På museumsleiarmøtet på Voss i mars i år, eit nettverksmøte mellom musea og fylkeskommune, vart det etablert ei gruppe som skal undersøke korleis dei ti konsoliderte musea i Hordaland står samanlikna med landet elles, nettopp for å underbygge behovet for eit økonomisk løft for sektoren. Rapporten vil vere eit viktig reiskap i dette arbeidet.

Musea har sjølve hatt høve til å definere kva som ligg i omgrep som stordriftsfordelar og fornying. Dette er område som ikkje er lett å måle kvantitativt, men fylkesrådmannen ser at nokre av dei områda musea peiker på, slik som til dømes finansiering av nybygg og utstillingar, kan tydeleggjerast med tal.

Prosessens vidare

Fylkesrådmannen vil her trekke fram fem område som bør ha særleg fokus i det vidare arbeidet:

1. Organisering: Sjå nærare på den eksisterande organiseringa i eigarstyre og driftsstyre.
2. Økonomi: Utfordring for vidare profesjonalisering og spissing av oppgåver.
3. Private og kommunale samlingar: Fylkesrådmannen viser til at fleire private og kommunale samlingane manglar oversikt/kunnskap om kven som er sitt ansvarsmuseum. Her bør ein sjå på ulike tiltak.
4. Konsolidering: Evalueringa gir grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar basert på den einskilde institusjon si utvikling dei siste ti åra.
5. Kabuso: Sjå nærare på dei tiltaka som Agderforskning vurderer. Vinklinga i undersøkinga har vore i kva grad Kabuso har oppfylt målsettinga for verksemda. I den samanheng vart det peikt på tematisk organisering som eit alternativ.

Det er viktig at ein i den vidare prosessen i haust legg opp til ein brei prosess mellom administrasjon og musea. I tillegg ser Fylkesrådmannen at det må skje interne prosessar i musea. Samla vil dette kunne gi grunnlag for justeringar og endringar i den regionale museumspolitikken. Representantar frå kommunane bør bli ein del av den vidare prosessen.

Eit føremål med ei slik evaluering er nettopp at den kan gi grunnlag for justeringar og endringar i den regionale museumspolitikken. I tillegg vil ho vere eit viktig reiskap for dei ti konsoliderte musea i høve egne prioriteringar og strategi. Evalueringa gir eit godt grunnlag for vidare styrking av musea sine oppgåver med forskning, forvaltning, fornying og formidling.